

# Restaurering av torvhusa i Veneset

SØKNAD OM TILSKOT TIL KULTURMINNE

Søkjær: SELLEVOLL KULTUR OG LANDSKAPSPLEIE

## 1.Namn på eigaren:


Claus Sellevoll

Epost: [claus.sellevoll@gmail.com](mailto:claus.sellevoll@gmail.com)

Org. nr.: 920 755 070

Postadresse: Skarsvegen 486, 5911 Alversund

Telefon: 917 31 491



## Veneset

Veneset høyrer til Sellevoll og grensar til Radsundet i nordvest, mellom Juvikane og Jordvågen. Tydinga av namnet *Veneset* er uviss. Førestavinga *ve-* i Veneset er interessant – både lingvistisk og historisk. *Ve-* har tydinga "heim", "bustad", men kan også ha tydinga "ein heilag stad", "ein blotstad". Norrøn ordbok viser spesielt til *Ve* i Tysnes, og *Veå* i Bruvik, som døme, med tilvising til Norske Gaardnavne.».

Forfattaren av «Tilfang til bygdebok for Alversund», Herman Kahrs Sellevoll, skriv Veneset utan «d», medan kartverket brukar «d». I gamle gardspapir kjem også *Veneset* opp, utan «d».

Filolog Eldar Heide, tilsett ved Høgskulen på Vestlandet, som har forska på sakrale stadnamn har teke oss litt nærmare konklusjonen om at *Veneset* kan ha vore ein kultstad. Han seier faktisk at «det er *sannsynleg*, men på ingen måte heilt sikkert» at namnet har med kult og kultstad å gjera.



Det er særleg to ting som peikar i den lei. Den eine er at det har vore ein samlingsstad der heilt opp til vår tid, med jonsokfeiring og bål. Den andre er landskapsformasjonen. Slik det ser ut på kartet, er Vesenet eit godt synleg element i landskapet,

særleg sett frå skipsleia, same om ein kom sørfrå eller nordfrå. Dette liknar mykje på ein stad borte i Ringsaker kommune der du finn stadnamnet Vea. Det ligg i kort fråstand frå ei halvøy der du finn namnet Helgeberget, altså «det heilage berget». Denne halvøya stikk ut i Mjøsa på same måten som Veneset stikk ut i Radsundet! Ein kan sjå litt liknande tilhøve rundt Veo på austsida av Osterøy.

## **2. Namn på objektet (huset / anlegget):**

Torvhusa i Veneset

Gnr. 147 bnr. 3

Gardsnamn: Sellevoll

Kommune: Alver

## **3. Andre tilskot: Sjå eigen søknad**

## **4. Søknadssum ( sjå eigen finansieringsplan)**

Kr. 250 000,-

## **5. Utgreiing og foto av objektet (huset/anlegget)**

På neste side er bileta av torvhusa i Veneset. Tre av torvhusa ligg på rekkje inntil ura på austsida av myra. Det fjerde ligg inntil ein hammar, femti meter lenger vest. Stein til å mura med fann dei på plassen. Inni eit av torvhusa finst dei rusta restane av det som ein gong har vore ei torvmaskin. Den vart brukt til å gjera den fuktigaste torva om til handterbare ruter.



147/3 , Knut Andersen Espeland, grunneigar og brukar i perioden 1873-1904.



147/ 1, Ole Nilsen Lie, brukar i perioden 1867-1899.



147/8 , Mons Olsen Knarvik brukar i perioden 1885 – 1944.



147/7, Rasmus Larsen Sellevold brukar i perioden 1882-1927.

## **6. Byggemåte (konstruksjon av yttervegg (grindverk, lafta tømmer, bindingsverk, mur m.m.))**

Alle dei fire torvhusa er reist i tørrmur. Når det gjeld takkonstruksjonen har den, etter merkja å døma, vore tradisjonelt saltak med pannestein i tegl oppå på to av torvhusa. Dei to andre har truleg hatt pulttak. Det eine kan ha hatt bylgjeblikk. Tørrmurane er omlag 2,5- 3 meter i breidde og 3,5 - 4 meter i lengde (yttermål). Høgda i veggane er omlag 1,4 meter. Både dør og vegg i front har truleg vore i treverk. ( Sjå nøyaktige mål i eige vedlegg av Haakon Aase.)

### **Historikk:**

**Tidfesting:** 1850-1950

**Byggeår:** Truleg bygd perioden 1867- 1899

**Endringar:** Truleg torvtak med endring til teglpannestein.

**Byggherre:** Knut Andersen Espeland, Karl K. Sellevoll m.fl.

**Opphavleg funksjon:** Torvhus fram til 1947. Skjeneflor fram til rundt 1960.

**Noverande funksjon:** Verna kulturminne, skjeneflor.

### **Andre opplysningar:**

- Torvtakinga i Veneset tok slutt i 1947, då det blei tilgang på billeg kol og koks frå Svalbard.
- Gnr 147/ 1,7 og 8 er alle positive til restaureringstiltaket. Dei er også einige i at eigedomsretten til torvhusa som vert attreiste tilkjem grunneigar, gnr 147 bruk nr 3, men at torvrettane vil bestå, og at bruksretten for 1,7 og 8 vil vera innskrenka til torvuttak.
- Den hogstmodne delen av skogen, planta på 60- talet, skal parallelt takast ut med attreisinga av torvhusa.

**7. Kva skal tilskotet nyttast til?** Istandsetjing av torvhusa i Veneset:

## Torvhusa i Veneset

I fleire tusen år har brenntorv vorte nytta som brensel i kyststroka i Nord-Europa. Å ta torv var heilt avgjerande for hushaldet. Det var likevel ein aktivitet som mange opplevde som ei nesten rituell høgtidshending. Torvtakinga involverte heile familien og vart gjennomført årvisst like fram til elektrisiteten vart ført fram til bygder og grender, somme stader så seint som på 1950-talet.

I Veneset kan ein sjå tuftene etter dei gamle torvhusa der dei ligg, som stillfarne tidsvitne, ei kjelde til kunnskap om tidlegare generasjonar sine samfunn og levekår. Om den gongen det å skaffa menneske og dyr brensel, var ein føresetnad for å kunne overleve langs vestlandskysten.

Torvmyra og torvhusa i Veneset representerer slik sett ei tid og ein tradisjon som det er viktig å formidla vidare til nye generasjonar. Framleis finst det dessutan dei som hugsar torvtakinga og vil gle seg over eit gjensyn med ein plass dei har kjære minne frå.

Ingen onn var så slitsam som torvonna. Arbeidet i torvskåren, tørkinga, krakkinga, og ikkje minst slitet med å få torva heim i hus før vinteren. Men om torvtakinga var eit sabla slit, skin minnet om denne sjauen, som samla nabolaget til kollektiv innsats, framleis som eit smykke i minnet til dei som enno kan fortelja. For ingen onn var vel fylt med så mykje enkel glede. Samhaldet og felleskapen på tvers av generasjonane fekk fram lått og leven. Som når det vart bjølla inn til middagspause oppe i bakkane. Eller då utegangarane til han Ragnvald skulle samlast i torvhusa til vårklyppen. Då kom ungane, som hadde få oppgåver, til sin rett. Då sprang dei over haugane og fekk jagd sauene på plass.

Slik kan torvhusa også vere til nytte i framtida, som funksjonelle skjeneflorar, der beitande utegangarar kan takast inn for å verta klypte, eller der dei sjølve kan søkja inn, når veret er dårleg, eller når insekta plagar.

## Ei kulturhistorisk kjelde til kunnskap og oppleving.

Kunnskapen om denne typen utlør er i ferd med å gå tapt. I dag er tufter etter torvhusa det mest synlege minnet om denne tida og denne tradisjonen

Oppe på eit fjell, ute på eit nes, inne i ein skog, men alltid inntil ei myr, finst dei. Moderne menneske som snublar over desse tuftene, gjerne overgrodd av skog, har dårlege føresetnader for å vita kva desse bygningsrestane ein gong har vore.

Å setja torvhusa i stand att er ikkje berre eit handfast bevis på vår grunnleggjande respekt for forfedrane og deira innsats, men også eit band til å bitta saman ny og gammal tid med.

Skogbruk, beite og stølsdrift. Det har vore den tradisjonelle bruken av utmarka i Veneset. Eit ganske omfattande arbeid blir no lagt ned for å føra Veneset tilbake til “fordums prakt”, med bøar og beiteland og eit landskapsmessig uttrykk som liknar på slik her ein gong var.

I fleire år har jorda lege brakk, men no har gardsbruket så smått byrja å ta i bruk att utmarka.



**TORVMYRA:** Dette er deler av den gamle torvmyra i Veneset. Torvmyrene fungerer som eit effektivt lager av karbondioksyd og eit viktig vern for bevaring av klima og biologisk mangfald. Torvtaking har slik sett ikkje berre ein kulturhistorisk, men også ein nærings- og energihistorisk, verdi.



Den gamle torvvegen til Veneset er alt rusta opp og godkjend som landbruksveg. Det har gjort området meir attraktivt til rekreasjon. Det gamle utmarksleet, "Storaleet", skal byggjast opp att og setjast på plass der det stod då torvtakinga fann stad.

Veneset, slik det er tenkt, skal vera ein plass utan påtrengjande tilrettelegging. Den gamle torvstien, som i dag er tilgrodd og uframkomeleg, skal setjast i stand og merkast fram til myra.

Kanskje kan det setjast opp ein kvilebenk i området rundt torvhusa, der bøndene strekte seg og tok middagskvilen.

Informasjon om korleis torvtakinga lokalt gjekk føre seg, skal også gjerast tilgjengeleg. Slik vil torvhusa og torvmyra, skogen og resten av utmarka, ha verdi, ikkje berre som turmål, men også som ei kulturhistorisk kjelde til kunnskap og oppleving.

Veneset er ein bortgøymd plass i verda, og bortgøymd skal Veneset halda fram med å vera. Fordi det er ein av plassen sine kvalitetar.

Veneset er likevel ein plass som toler meir trafikk, og det er ein plass vi moderne menneske med fordel kan oppsøkja. For å møte og prøva å forstå våre forfedres slit, men også deira gleder. Deira uro, men også deira kjelde til sjelefred.

Torvhuset kjem aldri til å fyllast att med brennstoff frå myra attmed. Snarare kan torvhuset fylla eit kapittel i ei historie som treng forteljast. No og i framtida.

## **8. Kva metodar og material skal nyttast?**

Alle dei fire torvhusa i Veneset er reist i tørrmur som vil seia at det ikkje er nytta bindemiddel mellom steinane. Tørrmuring eller gråsteinsmuring har som kjend ei lang og rik historie på strilelandet. I tråd med denne eldgamle byggeskikken vil me freista å setja i stand dei fire torvhusa slik dei var reist, truleg på slutten av 1800-talet. Det vil bli lagt vekt på å sortera ut den «beste» steinen for å sikra endar og hjørne, men også å sikra betre binding sume stader inne i vegglivet.

## Om torvhusa sin tilstand:

Murverket i det eine torvhuset er i relativt bra stand, medan dei tre andre har rast saman. Rotsprengning frå granskogen kan ha vore ei medverkande årsak til dette. Dei skadde delane av murverket må demonterast før attreisinga.

Når det gjeld takkonstruksjonen har den, etter merkja å døma, vore tradisjonelt saltak med pannestein i tegl oppå. Det kan ha vore pulttak på to av husa. Det eine kan ha hatt bylgjeblikk oppå ,medan det andre kan ha hatt teglstein.

Tørrmurane er frå ca 3 meter i breidde og ca 4 meter i lengde yttermål. Høgda i veggane er omlag 1,4 meter. Både dørar og vegg i front har truleg vore i treverk. Torvhusa ligg eit stykkje frå køyrbar veg, slik at dei største utfordringane vil vere knytta til transport og levering av stein og byggmaterialar til staden.

Oversynet er gjort av tørrmurar, Haakon Aase (sjå spesifiserte vurderingar i eige vedlegg) og tømrrar, Johannes Litleskare, båe frå Alver kommune.



**TORVHUS:** Torv var ei viktig energikjelde på garden Sellevoll fram til 1947. I Veneset står det restar etter dei gamle torvhusa i utmarka.

## **Framdriftsplan:**

Planlagt start: 01.12.2022 Prosjektets slutt: innan 01.12.2023.

1. Vegetasjonsrydding (vert utført på førehand).
2. Rydding i stein og massar i og omkring bygningane
3. Demontering av skadde parti, sortering og deponering av stein
4. Tiltak i grunn og fundament. Her er det pårekna at ein i all hovudsak kan mura på dei grunnsteinane som er og gå ut ifrå at dei ligg stabilt. Berre mindre tiltak trengst.
5. Oppattmuring av dei skadde partia og justering av høgder.
6. Tilpassingar i murkrona i samråd med tømrar (etter behov)
7. Saltak , pulttak , frontvegg og dør.
8. Taktekking.

Arbeidskraft: 4 handverkarar: 2 tørrmurarar + 2 tømrarar.

Utstyr: Traktor og diverse verktøy \*

\* I tillegg til verneutstyr, brukar tørrmuraren ei rad tradisjonelle reiskapar for å grava og leggja til rette i jord og steinrøyser. Dei viktigaste verktøya for å omarbeida stein er slegge og holsett, medan slegge og piggsett vert brukt til å dela steinen. Dette var utstyr som tidlegare var å finna på dei aller fleste gardar, men som no er vanskelegare å få tak i.

**9. Spesifisertkostnadsoverslag. Særleg materialkostnader og materialbruk (typematerialer).**

## KOSTNADSOVERSLAG TØRRMURING

Istandsetjing av fire torvhus på Veneset, garden Sellevoll, gnr 147 bnr 3, Alver

Eigar/kontaktperson: Claus Sellevoll

### KOSTNADSOVERSLAG

(Alle kostnader er samanlagde for fire hus) Timepris manuelt arbeid: 575

Oppgåve	Tal	Eining	Pris per eining	Kostnad	Merknad
Rigg og drift	15,0	timar	600	9 000	To personar ein dag
Rydding i og utanfor bygningane	30,0	timar	600	18 000	To personar to dagar
Demontering av skadde delar	90,0	timar	600	54 000	To personar seks dagar
Tiltak i fundament	30,0	timar	600	18 000	To personar to dagar
Oppattmuring	180,0	timar	600	108 000	To personar 12 dagar (3x4 dg)
Arbeid med innhenting, transport og tilverking av stein	15,0	timar	600	9000	To personar ein dag
Tilførsle av stein utanfrå			r.s.	15 000	
Reiseutgifter			r.s.	9 000	
Fagleg oppfølging, dokumentasjon og rapportering	15,0	timar	750	11 250	
				251 250	
25% mva				62 813	
				314 063	

Samla tal arbeidstimar manuelt:	360,0
Tilsvarear dagsverk:	48,0
Tilsvarear dagar med to personar:	24,0
Samla kostnad fire hus:	<b>314 063</b>
Brutto kostnad per hus (inkl. mva.)	<b>78 516</b>

#### Merknader:

Oppstillinga ovanfor er ikkje å rekna som eit fastpristilbod, men som eit kvalifisert overslag til bruk i planlegginga av tiltaket.

Avhengig av tidspunkt for av tiltaket vil indeksregulering av prisar og satsar verta aktuelt.

gjennomføringa.

Frekhaug 04.07.2022

Haakon Aase

## KOSTNADSOVERSLAG TREKONSTRUKSJON

Timepris manuelt:  
550

Johannes Litleskare, tømrar

Oppgåve	Tal	Eining	Pris per eining	Kostnad	Med mva	
Sperr og hanebjelker , gran 48x148	197	meter	37,28	7344,16	9180,2	
Rammer og gavelveggar , gran 48x098	240	meter	23,9	5736	7170	
Lekter 23x48	200	meter	7,79	1558	1947,5	
Lekter 30x48	350	meter	9,24	3234	4042,5	
Kledning til veggjar og dør	600	meter	13,56	8136	10170	
Vindski/ dekkbord 19 X 148	400	meter	26,96	10784	13480	
Skruar og spikar		stk		0	0	
Hengsler	4	set	341,43	1365,72	1707,15	
Skyveskåter	4	bk	315,86	1263,44	1579,3	
Div festemidler	1	stk	4000	4000	5000	
Transport	1	stk	5000	5000	6250	
Takstein, raud tegl	770	stk	34,09	26249,3	32811,625	
Mønestein	22	stk	107,6	2367,2	2959	
Underlagsbelegg for takstein	7	rul	851,28	5958,96	7448,7	
Arbeidskostnader	300	timar	600	180 000	225 000	2 personar
Sum treverk				<u>262997</u>	<u>327 746</u>	
EIGEN INNSATS ( dugnad: 500 t * 200 kr)				100 000		
EIGET UTSYR: Traktor, motorsag div eget utstyr				15 000		
SUM DUGNAD EIGE UTSTYR				<u>115 000</u>		
<u>SUM TØRRMUR OG TREVERK OG DUGNAD</u>					<u>756 809</u>	



**FORTIDA:** Kulturminna er identiteten vår og den kollektive hugsen om tidlegare generasjonars samfunn og levekår. Dei er kjelde til kunnskap og grunnlag for opplevingar. Ved å halda dei i hevd kan dei også vera ein ressurs, som i Veneset der dei kan fungere som skjeneflorar for utegongarar (villsau).



**RESTAURERINGSOBJEKT:** Torvhuset kjem aldri til å fyllast att med brennstoff frå myra attmed. Snarare kan torvhuset fylla eit kapittel i ei historie som treng forteljast. No og i framtida.

**10. Finansieringsplan. Oversikt over korleis totalkostnaden er planlagt dekt gjennom tilskot frå:**

fylkeskommunale kulturvernmidlar eventuelt tilskot frå kommunen  
eventuelt tilskot frå staten andel av egne midlar andre midlar Sum  
(kr.):

*Sjå finansieringsplan spesifisert i budsjett.*

**11. Alversund, 31.07.2022**



**Underskrift:**

A handwritten signature in purple ink, appearing to read "Peder Sellevoll". The signature is written in a cursive style.